


 NAMN:
 KLASSE:

 LÅG MIDDELS HØG

Kva veit du om konjunksjonar? Sjå på reglane og skriv dømme!



Konjunksjonar (sideordningsord) er bindeord. Ein konjunksjon bind saman like ord, setningsledd eller setningar. Vi har fem konjunksjonar som kan binde saman like setningar.

Og

Og bruker vi når vi legg til meir informasjon.

Dømme:

Eg er glad i deg, **og** eg veit at du held av meg.

Men

Men bruker vi når vi skal vise ei motsetning.

Dømme:

Per fekk karakteren 5 på prøva, **men** det var han ikkje fornøgd med.

Eller

Eller bruker vi når vi har eit val.

Dømme:

Vil du ha kaffi, **eller** skal eg setje på litt te?

For

For bruker vi når vi skal fortelje årsaka til noko, for eksempel kvifor noko skjer.

Dømme:

Eg kjem ikkje på korpsøving i dag, **for** Siri har lånt tubaen min.

Så

Så viser konsekvensen av noko, kva noko fører til.

Dømme:

Sykkelen punkterte, **så** Peder nådde ikkje fram til første time.